**Fra:** Pelle Engesæter
**Sendt:** torsdag 21. september 2023 12:52
**Til:** Sigbjørn Reigstad
**Emne:** SV: Endre innspel til KPA?

Hei Sigbjørn.
Dette går greitt. Det er ikkje eit nytt innspel, berre revidering av det de alt har meldt inn. Vi tar det med oss vidare.

Vi skal starte på KU /ROS no, dykkar innspel her er med. Under tvil, sidan innspelet er konfliktfylt ved at det inneber nedbygging av landbruksareal og grensar opp til Låstadvatnet. Det er såleis ikkje i samsvar med intensjonen i kommuneplanen sin samfunnsdel, og eg er viss på at Statsforvaltar ikkje vil like det. Endringa er positiv med omsyn til omfang og moglege negative verknader. Dette vil bli avklart i KU/ROS.

Du får ta kontakt dersom du ønskjer nærare dialog om saka. Vi tar kontakt om vi treng nærare opplysninger.

**Med venleg helsing**

**Pelle Engesæter**
**Rådgjevar Plan**

Osterøy kommune
Utvikling, samhald, livskvalitet

T / 56 19 21 00 E / pelle.engeseter@osteroy.kommune.no
D / 90240120 W/ www.osteroy.kommune.no

Osterøy kommune Postboks 1, 5293 Lonevåg Org. nr.: 864 338 712
Besøksadresse: Geitaryggen 8, 5282 Lonevåg

---

**Fra:** Sigbjørn Reigstad <sr@lobas.no>
**Sendt:** torsdag 21. september 2023 10:05
**Til:** Pelle Engesæter <pelle.engeseter@osteroy.kommune.no>
**Emne:** Endre innspel til KPA?

Hei, Pelle!

Me sendte innan fristen for innspel inn forslag om utviding av næringsarealet her i Flatevad ved hovudfabrikken.
Heile nabobruket 13/15 var då omfatta av vårt innspel.
I etterkant av dette har me hatt løpande dialog med eigar av 13/15 og gjort oss nokre tankar om eigedommen, og ser no at det nok neppe vil vera gjennomførbart å byggja heilt i strandlinja til Låstadvatnet.
Me diskuterer derfor om å heller legga opp til ei mindre utviding av næringsområde (sjå bilete), slik at ein både «vernar» strandsona og ein tar mindre av jordbruksarealet – ergo mindre konfliktfylt enn å endra fargen heilt til vatnet.

Eg har ikkje klart for meg kor planen ligg i prosess; er det ope for å komma med eit slikt offisielt justert innspel?




Med vennlig hilsen


**Sigbjørn Reigstad**

Administrasjons- og salgssjef

**Lonevåg Beslagfabrikk A S**

+47 56 19 31 00

+47 56 19 31 08 *(Direkte)*

+47 930 64 218

Hovdavegen 18 , 5282 Lonevåg

https://www.lobas.no


*Denne eposten og innholdet behandles konfidensielt og må på ingen måte videreformidles til andre enn til registrerte mottakere i eposten.*

Linker:

Kontakt meg på Teams

